

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	11.07.2022
Vår referanse	2022/48963-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Uttale - Dispensasjon - Nybygg - Fv. 565 - Radøyvegen - Gnr 472 bnr 1 - Nøtlevågen 1 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 28.06.2022.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå arealføremålet for å oppføre bustad på gnr. 472 bnr. 1 i Radøy kommune.

Eigedomen er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsføremål* jf. kommunedelplan for Radøy (2019 - 2023).

Uttale:

Vi uttaler oss i dette brevet som vegstyresmakt med ansvar for trafikktryggleik og framkome på fylkesvegnettet.

Eigedomen er ein landbrukseigedom i drift. Søknaden gjeld bustad nr. 3 på bruket. Den omsøkte tomta ligg langs fv. 565 Radøyvegen. Eigedomen har tilkomst om kommunal veg før kryss med fv. 565. Det er difor vårt syn at det er Alver kommune som skal gje løyve til avkjørsle etter veglova i denne saka.

Tomta er plassert om lag 150 meter frå vegmidte. Vi har ikkje merknad til denne plasseringa med omsyn på byggjegrense langs veg.

Vi gjer merksam på at fylkesvegen er regulert jf. *Rv. 565 Tolleshaug – Soltveit (2010)*. Denne strekninga er førebels ikkje prioritert utbygd i Nordhordlandspakken. Planen legg rammer for ei omlegging av vegsystemet i området. Dette legg føringer for vidare arealdisponering for areala langs fylkesvegen, og må vere del av grunnlaget for vurdering om ein skal vurdere dispensasjon i denne saka.

Vi meiner kommunen bør vere restriktiv med å gje dispensasjon frå godkjent plan, då saka kan få føringer for andre, liknande saker der ein ynskjer å oppføre bustad nr. 3 på bruket. Tiltaket bidreg til ei spreidd utbygging i eit område der det elles er greitt tilfang på bustader, til dømes ved Austmarka.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Med helsing

Janne Grønli
overingeniør
INV - Forvaltning Vestland

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

